




Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo



Merknader til forslaget om endringer i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen

Det vert vist til dykkar skriv m/vedlegg av 22.12.03.

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga har fylgjande merknader:

§ 5 Unntak frå konsesjonsplikta

Vi vil presisera at i samband med kjøp av eigedom nr 2 (for eksempel på odel), må det for konsesjonsregulert produksjon leggjast til grunn anleggskapasitet (byggningsmasse) og produksjonsomfang som har vore på eigedomen dei siste åra. Dersom det for eksempel har vore kapasitet og produksjon med 70.000 slaktekyllingar, så er det dette talet som må leggjast til grunn.

Det same resonnementet må gjelda eigedom nr 1, dvs. at det vert lagt til grunn anleggskapasitet og produksjonsomfang som har vore på eigedomen.

Det kan ikkje vera rett at det skal vera mogleg å utvida anleggskapasiteten (nybygg osv.) for dermed å få større produksjon.

§ 8 Standardisert erstatning

Då dei fleste svine- og fjørfeprodusentar mottek produksjonstilskot, har det ved brot på regelverket vore vanleg å føreta trekk i produksjonstilskotet. Vi legg til grunn at denne praksisen kan halda fram.

Avslutningsvis nemner vi at det i samband med innføring av omgrepet føretak i tilskotsystemet har kome spørsmål om moglegheita for to føretak med konsesjonsregulert produksjon på same landbrukseigedom, for eksempel føretak nr 1 med 2.100 slaktegrisar og føretak nr 2 med 7.500 verpehøner. Her har vi vist til at konsesjonsregulert produksjon er knytta til landbrukseigedom, og at det dermed ikkje er mogleg. Det er likevel vår vurdering at det for eksempel i rundskriv bør omtalast at dette ikkje er mogleg. Merk og at det nå er mange


Postadresse:	Besöksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtn. 29	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 210 Sentrum	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568941

som kjøper tilleggsjord (utan bygningar), og også her vil det vera fint å få med ei presisering i høve til konsesjonsregelverket i eit rundskriv.

Med helsing



Joar Øltedal
fylkesjordsjef



Birger Aasland
seniorkonsulent

Saksbehandlar: Birger Aasland

Saksbehandlars telefon: 51 56 89 87

E-post: birger.aasland@fm-ro.stat.no